

HEIME NO

Ingen veit kvar haren hoppar
Ingen veit kvar raset stoppar
Men du er heime no
Er heime no
Ja, du er heime no
Heime no

Reveenka bur i skogen
Ulvekloa riv i bogen
Men du er heime no
Er heime no
Ja, du er heime no
Heime no

Ingen veit kvar haren hoppar
Reveenka bur i skogen
Ingen veit kvar raset stoppar
Ulvekloa riv i bogen
Friaren er raud i skinnet
Barnet var ein vakker tanke
Tru kva bjørnen har i sinne?
Barnet ville ride-ranke
Men du er heime no
Er heime no
Ja, du er heime no
Heime no

Gud er stemmer bak ein spegel
Skriv så ned kvar minste regel
Raset ventar rett bak svingen
Kven det tek med seg veit ingen
Men du er heime no
Er heime no
Ja, du er heime no
Heime no
Men du er heime no
Er heime no
Ja, du er heime no
Heime no